

NORD-TRØNDELAG
FYLKESKOMMUNE

Saksbehandler: Tove Lofthus
Saksnr.: 09/00962-3
Arkiv: 650

Dato: 21.4.2009

dok 107

Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Kultur- og kirkedep.	
Saksnr. <i>20800086</i>	Dato <i>28.4.09</i>
Kode <i>11.212</i>	Bet.

Høringsuttale – Pilgrimsmotivet som nasjonal satsing

Me viser til Kultur- og kyrkjedepartementet sitt utsende høyringsdokument av 12.02.2009 "På livets vei. Pilgrimsmotivet – et nasjonalt utviklingsprosjekt", og presenterer her Nord-Trøndelag fylkeskommune si høyringsuttale.

Nord-Trøndelag fylkeskommune vil trekkje fram fyljande i si høyringsuttale:

- Generelle kommentarar knytt til strukturell organisering og innhald.
- Forslag om "Pilotprosjekt Pilgrimsleden" som grunnmur i vidare pilgrimssatsing.
- Kommentarar til føreslåtte konkrete oppgåver knytt til infrastruktur, informasjon og marknadsføring, kulturaktivitetar og medlemsorganisasjonsarbeid samt grensegangar mellom næringsverksemd, frivillig arbeid og offentleg koordineringsansvar.
- Kommentar til utviding av pilgrimssatsinga sin religiøse kjerne.
- Styrking av reiselivsperspektivet.

Innleiing

Nord-Trøndelag fylkeskommune er samde i målet om ei nasjonal pilgrimssatsing, men finn det nødvendig å påpeike at vidare satsinga vil vere tent med å bli bygd nedanfrå og opp på eksisterande arbeid, og ikkje gjennom konstruksjon av nye strukturar og organisasjonar. Det vil i vidare arbeid vere viktig å byggje framtidig pilgrimssatsing ut frå eksisterande pilgrimssatsingar, offentlege institusjonar, støtteordningar og regleverk, og heller ikkje lage konkurransevridande særordningar innafor pilgrimsarbeidet verken knytt til næring eller frivilligheit.

Høyringsutkastet "På livets vei" dreg med brei pensel opp eit idégrunnlag for ei framtidig nasjonal satsing med eit sterk fokus på kva og korleis, men dessverre med eit sers svakt grunnleggjande kvifor. Høyringsutkastet si mangelfulle grunnleggjande finn Nord-Trøndelag fylkeskommune m.a. svekkande for rapporten sine strategiar og tiltak.

Høyringsutkastet "På livets vei" synleggjer også at ei av dei viktigaste avklaringane i vidare pilgrimssatsing i Norge truleg ikkje er teken. Dette gjeld spørsmålet om korvidt ein vel å byggje på eksisterande satsingar, eller byggje nye strukturar og organisasjonar. Det er i denne samanhengen viktig å peike på det eksisterande "Pilotprosjekt Pilgrimsleden" (jf. eige avsnitt nedanfor).

Postadr: Fylkets Hus, 7735 Steinkjer
Besøksadr: Seilmakergt. 2, Steinkjer
Org.nr. 938 967 091

Telefon: 74 11 10 00
Telefax: 74 11 10 51
E-post: postmottak@ntfk.no
Hjemmeside: www.ntfk.no

Nord-Trøndelag fylkeskommune seier seg einig i at "Pilotprosjekt Pilgrimsleden" etter endt prosjektperiode i 2010 blir lagt ned som prosjekt, men meiner oppgåvene i prosjektet bør vidareførast i permanent drift bygd på opparbeid kompetanse og nettverk i prosjektperioden. Basisen i ei nasjonal pilgrimssatsing bør vidare byggje på "Pilotprosjekt Pilgrimsleden" og andre tilsvarande prosjekt, for å skape breitt eigarskap og forankring. Dette kjem ikkje tydeleg fram i høyringsutkastet.

Det vert vidare forventa at eit initiativ frå Kultur- og kyrkjedepartementet om aktivitet med utspring i pilgrimstradisjonen og pilgrimsleiene, byggjer på eit interdepartementalt samarbeid med Miljøverndepartementet som kulturminnevernmyndigheit for dei nemnde pilgrimsleiene. Fylkeskommunen har eit delegert forvaltningsansvar innanfor kulturminnevernet, og høyringsutkastet tydeleggjer behovet for interdepartementalt samarbeid m.a. gjennom forslag til endring i fylkeskommunen sin funksjon knytt til godkjenning av nye pilgrimsleier. Problemstillinga kjem også tydeleg til uttrykk gjennom høyringsutkastet sitt forslag om etablering av nasjonalt pilgrimsutval og føreslått representasjon både i utvalet og i styret for det føreslåtte nasjonale pilgrimssenteret. Høyringsutkastet sitt fokus på reiseliv og næringsutvikling er svakt, difor bør Nærings- og handelsdepartementet som eit tredje departement også koplust på i det interdepartementale samarbeidet.

"Pilotprosjekt Pilgrimsleden" og vidare pilgrimssatsing i Norge

Erfaringa frå den nasjonale pilgrimssatsinga i 1997 synleggjer at pilgrimsarbeidet treng ein varig driftsorganisasjon. Ein statusrapport for pilgrimsleiene mellom Oslo-Trondheim og frå svenskegrensa over Stiklestad til Trondheim tidleg på 2000-talet, viste at faktorar som kan ha virka negativt på bruk av pilgrimsleia sidan den vart rydda i 1997 var: For dårleg merking og skjøtsel, mangel på overnatting, for lite tilgjengeleg informasjon og mangel på tilrettelagde turopplegg/"pakkar". Det faktum at pilgrimsleiene er basisen i alt pilgrimsarbeid var bakgrunnen for at "Pilgrimsledprosjektet" blei utplukka frå Miljøverndepartementet som eit av sju nasjonale verdiskapingsprosjekt frå 2007. Dei tre fylkeskommunane Oppland, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag har inngått eit samarbeida om prosjektet med mål om å vidareutvikle pilgrimsleia. Seinare har også Den Norske Kirke ved Nidaros bispedømmeråd og Hedmark fylkeskommune blitt del av samarbeidet. NHO-reiseliv og Direktoratet for naturforvaltning er i tillegg representert i styringsgruppa. Prosjektet blir fylgt opp av Riksantikvaren som Miljøverndepartementet sin kulturminneansvarleg. Prosjektet er i tråd med felles fylkesplanar for Sør- og Nord-Trøndelag fylkeskommune og Trondheim kommune i åra 2005- 2008 og 2009 – 2012.

Det kan her vere nødvendig å minne om verdiskapingsprosjektet sine prosjektmål:

1. Hovudmålet for arbeidet er å få fleire til å vandre pilgrimsleia, både lokalbefolkning og tilreisande, nordmenn og utlendingar. Vandring langs pilgrimsleia gir positive verknader for vandraren, både fysisk og mentalt.
2. Stimulere til at nye overnattingstader langs leia blir etablert.
3. Utvikle fleire organiserte turar/produktpakkar for å fange opp ulike grupper deltakarar.
4. Utvikle eit realiserbart opplegg for marknadsføring av pilgrimsleia med formål å trekkje pilgrimsturistar til regionen.
5. Få etablert informasjonssentra om pilgrimsleia.
6. Samordne produksjon av informasjonsmateriell som blir gjort tilgjengeleg og salbare.

Verdiskapingsprosjektet sine målformuleringar er atkjennande i "På livets vei. Pilgrimsmotivet – et nasjonalt utviklingsprosjekt". Det er difor med undring ein i høyringsutkastet finn at ein tenkjer å byggje ei ny nasjonal pilgrimssatsing, og ikkje byggje denne ut frå eit allereie sterkt regionalt partnerskap kor fleire av dei sentrale pilgrimsfylka og Trondheim som det største pilgrimsmålet i Norge er med.

"Pilotprosjekt Pilgrimsleden" byggjer på ei oppfølging av St.meld. nr 16 (2004-2005), *Leve med kulturminner* og St.meld.nr 22 (2004-2005), *Kultur og næring*. Gjennom prosjektet er det opparbeida eit kontaktnett med dei andre fylkeskommunane som ikkje er med i prosjektet, samtidig er lokale samarbeidsmodellar under utvikling. "Pilotprosjekt Pilgrimsleden" har ein brei og viktig grasrotkontakt kring rydding, merking og skilting av pilgrimsleiene. Prosjektet er i god dialog med aktuelle kommunar, det er i ferd med å stimulere til fleire overnattingsstader og bidreg til å få synleggjort kulturminna langs leiene. I tillegg er informasjonsarbeidet høgt prioritert gjennom m.a. utarbeiding av eiga nettside, eigne kartløysingar, regionale kontaktmøte og informasjonssenter langs leiene.

Å byggje ei nasjonal pilgrimssatsing på eksisterande kompetanse og nettverk gjennom nært samarbeid mellom mange aktørar, både offentlege og private på lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå, vil etter vår vurdering gi ei nasjonal satsing ei sterkare forankring og betre grobottn for varig ivaretaking og utvikling av pilgrimstradisjonen i Norge. Det blir føreslått at ein etter 2010 nyttar prosjekterfaringane frå "Pilotprosjekt Pilgrimsleden" og tilsvarende prosjekt som basis for etablering av permanent drift, og byggjer denne aktiviteten ut til ei breiare og nasjonal pilgrimssatsing.

Infrastruktur, næring- og kulturaktivitet og offentlig ansvar

I høyringsutkastet sitt kapittel om infrastruktur blir det ikkje skilt mellom fysisk infrastruktur knytt til leiene og den næringsaktiviteten som pilgrimsaktiviteten vil resultere i. Her er det viktig å minne om at infrastruktur er ikkje lik næring. Rydding og merking av leia er tilrettelegging av infrastruktur, medan overnatting og matsservering i stor grad vil vere å rekne for næringsaktivitet.

Det er vidare viktig å vere bevisst skilje mellom to interessentgrupper i pilgrimsarbeidet, næringsaktørar med kommersielt føremål og frivillige med ikkje kommersielle interesser. Pilgrimssatsinga som prosjekt bør ivareta dei ikkje kommersielle tilboda, medan det er sers viktig at virkemiddel til kommersielle tilbud blir koplå saman med Innovasjon Norge sine virkemiddel for næringsutvikling slik at ein m.a. unngår støtte til konkurransevriding.

At nødvendige overnattingstilbod langs heile pilgrimsleia er på plass er ein kritisk suksessfaktor i pilgrimssatsinga. Vandringsmengda langs dei norske pilgrimsleiene vil truleg fleire stader vere for liten for heilårs- og heildøgnoen kommersiell næringsaktivitet. Dette synleggjer behovet for supplerande ikkje kommersielle mat- og overnattingstilbod. Til oppbygging av denne type tilbod vil eit pilgrimsfond vere eit viktig verkemiddel. Opne kyrkjer langs pilgrimsleiene som formidlingssentral for matsservering og overnatting er kan hende elles også ein idé som alternativ eller supplement på dette området.

Rydding og drift av pilgrimsleiene må generelt koplast til eksisterande tilskotsordningar i kommunar og fylkeskommune. For kommunane vil det t.d. truleg vere viktig å sjå pilgrimsleiene i samanheng med praksis for tilskotsordningar til andre stinett. Eit auka fokus på rydding, merking og drift av pilgrimsleiene kan også gjere pilgrimsleiene attraktive som stinett i nærområdet og få positiv innverknad på folk langs leiene si bulyst.

I pilgrimssatsinga vil det vere viktig å finne ein god balanse mellom eit overordna statleg ansvar og koordinering, samtidig som nødvendig lokalt engasjement og eigarskap blir oppretthalde. Pilgrimsleiene har ei lokal forankring med ei naturleg ansvarsoppfølging frå kommunane. Samstundes er pilgrimsleiene geografisk grenseoverskridande og synleggjer behov for regionalt og nasjonalt ansvar og koordinering. Høyringsutkastet har ein strategi og tiltaksplan med mange oppgåver utan tilhøyrande ressursar lagt til kommunane. Ei tett oppfølging av kommunane blir difor enno viktigare i ei nasjonal pilgrimssatsing.

Merking av pilgrimsleiene bør byggje på "Pilotprosjekt Pilgrim" sitt utkast til revisjon av kapittelet om merking i Riksantikvaren si handbok for Pilgrimsleden. Det bør her understrekast at ein så langt som mogleg fyljer prinsippa om universell utforming ved utforming og bruk av merking og skilting langs pilgrimsleiene.

Det er viktig å ikkje lage særordningar innafor pilgrimssatsinga som undergrev allemannsretten eller moglegheiten for anna natur- og kulturbasert friluftsliv. Kompensasjonsordningar under tiltak 2i om avtalar med grunneigarar bør på bakgrunn av dette gå ut.

Informasjon og marknadsføring om pilgrimsleiene bør også koplast til reiselivet si marknadsføring gjennom Innovasjon Norge og andre marknadsføringsselskap. Informasjonstiltak i og kring pilgrimsleia bør knytast til nyare friluftslivsforskning om turgåarar sine opplevingar av informasjonstavler, munnleg formidling og guidebøker samt ivareta prinsippet om universell utforming. Å ivareta ei autentisk oppleving som underbyggjer pilgrimsvandringa sitt overordna mål om ei "indre reise" må balanserast mot den "ytre reisa" som lett kan bli forsterka gjennom eit for breitt informasjonsarbeid undervegs.

Når det kjem til kulturaktivitetar knytt til pilgrimsleiene og pilgrimssatsinga bør ein også her byggje ut frå eksisterande ordningar og ikkje byggje eigne særordningar. Dette gjeld til dømes føreslått tilskotsordning for pilgrimsrelaterte festivalaktivitetar. Slike tilskot bør integreras i eksisterande tilskotsordning for festivalar og aktiviteten overlatast til naturlege initiativ. Likeeins bør høyringsutkastet sine forslag om eige pilgrimsmuseum og pilgrimsbibliotek organiserast inn under eksisterande museums- og bibliotekorganisasjonar. Tiltaka 9b, 9d, 9e, 12a, 12b og 12c blir føreslått tekne ut.

I eit kvart frivillig organisasjonsarbeid er det naturleg og viktig at organisasjonar blir bygd nedanfrå og opp. Dette synest også naturleg når det kjem til bygginga av ein medlemsorganisasjon for pilgrimsinteresserte. Det er difor med undring å lese høyringsutkastet sitt forslag om å etablere ein ny nasjonal medlemsorganisasjon når denne type frivillig organisasjon alt eksisterer også med eit regionalt ledd.

Pilgrimssatsinga sin religiøse kjerne

At ein gjennom ei ytterlegare pilgrimssatsing i Norge vil styrke pilgrimsprestembetet både i det nasjonale og dei regionale sentra blir vurdert som positivt og nødvendig. Pilgrimsprestane vil på ein god måte kunne styrke den faglege kjernen i ei forlenging av pilgrimsleiene som basis for pilgrimssatsinga. Pilgrimsprestane sitt virke vil vere med å markere den religiøse kjernen i pilgrimsarbeidet. Dette blir vurdert som viktig i balansegangen mellom "børs og katedral" som naturleg vil oppstå i ei brei pilgrimssatsing med fleire parallelle målsetningar.

Regionale pilgrimsenter som del av ei nasjonal pilgrimssatsing blir vurdert som fornuftig. I Trøndelag vil det vere naturleg at eit slikt regionalt pilgrimsenter organisatorisk og finansielt blir lagt inn under Stiklestad Nasjonale Kultursenter. Det er her også viktig å minne om at Stiklestad med martyr-helgenen sin dødsstad, i seg sjølv er eit heilag mål som bør vere del av pilgrimsålet Nidaros.

Nord-Trøndelag fylkeskommune ser det som naturleg at eit nasjonalt pilgrimsenter skal liggje i Trondheim, men meiner ein bør vurdere Nidaros som namn for å utvikle eit både regionalt og nasjonalt breitt eigarskap til senteret.

I marknadsføringssamanheng vil det likevel vere mogleg å ha med Trondheim som geografisk plassering.

Nord-Trøndelag fylkeskommune ser positivt på høyringsutkastet sine forslag om å sjå på moglege nye pilgrimsleier og på forslaget om å knyte leiene saman i eit heilskapleg nettverk. Det same gjeld ei revitalisering av pilgrimsvandringar med båt.

Reiselivsperspektivet

Høyringsutkastet har for lite fokus på økonomisk verdiskaping, næringsperspektivet og pilegrimssatsinga som ei reiselivssatsing. Det blir i høyringsutkastet sagt at det må samarbeidast med reiselivet. Samarbeidet må gjerast på ein måte som styrkar reiselivet sitt eigarskap til pilgrimssatsinga. Dette er vesentleg for fylkeskommunen sitt engasjement som regional utviklingsaktør.

Trøndelag har sin eigen "Reiselivsstrategi for Trøndelag 2009-2020". Der har reiselivet og det offentlege saman peikt ut 4 fyrtårn for profileringen av Trøndelag. Det eine er "Historiske Trøndelag – med utgangspunkt i vikingtid og Olavsarven". Altså er Olavsarven, og pilgrimsturisme som ein del av det, eit opplevingsområde som skal løftast fram i marknadsføringa for å skape reiselyst til Trøndelag.

Både det religiøse, åndelege og ikkje-kommersielle aspektet og det nærings- og reiselivsmessige aspektet er sentrale sider ved den nyare pilgrimssatsinga. Høyringsutkastet konsentrerer seg om dei første, mens næringsinngangen blir for svak. Erfaringar frå andre land viser at pilgrimssatsinga genererer ei omfattande reiselivsverksemd med utgangspunkt i turistar som ønskjer å "gå tur med meining", også utover dei som har eit bevisst religiøst motiv med si vandring. Høyringsutkastet gir ikkje nok merksemd til korleis det skal leggjast til rette for nærings- og reiselivsaspektet i pilgrimssatsinga. I tillegg til Miljøverndepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet må satsinga difor også implementerast i Nærings- og handelsdepartementet. Innovasjon Norge i Trøndelag har engasjert seg i pilgrimssatsinga som reiselivssatsing gjennom eit "heimhentingsprosjekt" med m.a. samarbeid med sine utekontor i Frankrike og Spania. Her ligg det mykje erfaringsmateriale som det kan byggast vidare på.


Konklusjon

Nord-Trøndelag fylkeskommune sluttar seg til målet om ei nasjonal pilgrimssatsing, med atterhald om at det skjer i eit nært samarbeid mellom Kultur- og kyrkjedepartementet og Miljøverndepartementet, samt at det byggjer på eksisterande kompetanse og nettverk opparbeida i eksisterande pilgrimssatsingar.

Satsinga bør vidare ha eit større fokus på korleis ein skal tilrettelegge for næring og turisme med grunnlag i pilgrimsmotivet, og såleis må Nærings- og handelsdepartementet også bli deltakar i det interdepartementale samarbeidet.

Konkurransavidande særordningar innafor pilgrimsarbeidet er ikkje ønskeleg verken knytt til næring eller frivilligheit.

Vennleg helsing


Annikken Kjær Haraldsen
fylkesråd for kultur


Susanne Bratli
fylkesråd for regional utvikling